

SAK 52/16 MØTE MED NSB

Saksopplysning

Bergensbanen er viktig for Hallingdal og vil bli endå viktigare i framtida.

Det er viktig for Hallingdal å ha kunnskap om mogelegheiter/utfordringar kunne påverke framtidig utvikling. I Byregionprogrammet er utnytting av ringverknadar ved bygging av Ringeriksbanen eit innsatsområde.

NSB har fått eigen konserndirektør for reiseliv, Marianne Broholm Einarsen som me har invitert til Hallingdal. I tillegg stiller Henning Lirhus, sals- og marknadsansvarleg, NSB Riks Bergensbanen.

Tema for møte er i korte trekk:

- Reiselivsstrategi til NSB
- Status Bergensbanen, kva kan me forvente dei komande åra
- Potensiale, utfordringar
- Hallingdal etter opning av Ringeriksbanen (2024)
- Korleis kan me saman utvikle Bergensbanen

Ål 22.9.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar